

- Då blei valldølen redd og rømde til Brokke til jenta si

88 år gamle Olav Såvison Uppstad minnes dei gamle kjempone, og fortel om då 700 tylfter slo av han hatten og skohælen

Eg kjenne mikkje gamle, skil eg saie det sjåv, men i sommar vert eg plent 88 år. Tve gjenge kalleg fort. — Det er den gamle språkningen Olav Såvison Uppstad som seier dette medan eg sit i stova hans på den øvste garden på Uppstad i Rysstad. Han blir 88 år 29. juli. Olav sit i ein rund kuddestol og pratar. Han har på seg Seledalsbunad, og den går han i dagstøtt. Det er ikkje att mange karfolk i dalen som bruker bunad til kvardags. Olav likar ikkje å nemne seg sjølv for mykje, men etterkvart som gamle minne kjem i hugen lyser han opp i dei rolege blå augo og fortel «så greitt» som dei plar seie i dalen.

700 TYLFTER OVER SEG

— Det gjeng ennd rykte om den gongen Olav fekk ei tømmervalte på 700 tylfter ned over seg. — Eg var ikkje redd, men det var så føel ein dur, seier han. Olav fortel at det bar til såleis: Faren og nokre andre karar hadde lenge stått med å få opp ein tømmerkvas på Kåvenes. Kvasen auka frå dag til dag, men ein fekk han ikkje laus. Olav Uppstad var ung og språk og hadde sett seg ut ein stokk som han meinte heldt opp heile kvasen. Ein dag våga han seg til å rikke på stokken medan dei andre sto oppe på vegen og såg på. Brått kom det ein dur som det gjekk eit fjellras. Olav blei teken av dei fyrste stokkane og ført nedover ei bratt skråning — ned mot elva. Han blei slengt ned under ein stor stein, medan stokkane rasa og splintra seg nedover han. Han tenkte at nå blei han drepen i kvar stunda, men stokkane snurta han berre. Ein slo av han hatten og ein annan slo av skohælen på eine foten. Faren såg hatten til Olav flyte nede i elva og trudde sikkert sonen hadde blitt teken med ut i elva. Då Olav noko fortumla kom gåande mot dei andre, blei dei redda — for dei trudde dei såg syner, og



Olav Uppstad sit roleg og fortel i kuddestolen.

heia. Før om summrane dro alle gardsfolk på heia og der var dei i ca. 10 veker. Dei hadde med huskjen og slo på teigane med stutt-ovv. Olav minnes godt desse heleturane då han var med mor og far og sprang rundt i det slette lenet. Det var hardt arbeid også for smågutane den gongen. Slit og strev dagen lang. — Det er synd det er slutt med dette livet, seier Olav. — Det er igrunnen sakneleg. På den tida var det så mykje rikare dyrellv. Storfugl kor ein såg. Ja, Olav dreiv mykje med snorefangst i ungdomen og fekk mange gode røyfångstar.

STORT TRE

— Og så dreiv du som hoggar har me høyr?

— Ei gong hogde eg ned ei gran som var 100 fot høg. Ho var 1 meter og 4 tomar i tverrmål, det er det største og finaste grantre eg har sett. Men då eg styvde, brauts det av ca. 10 fot av toppen. — Olav slakka rundt i dygda og tok på seg hogging. Etter dagens målestokk var det ei lusen betaling hoggarane hadde. — Me hadde eit par kroner for tylfsta, sier Olav.

Olav er den yngste av to syskjen og den garden han har i dag — under Homfjellet på Uppstad — har han hatt mykje slit med å fard. Når me kikar ut glasat ser

ein steinrøys på steinrøys som Olav har vore med å brote opp.

— Kjenner du deg ikkje sliten?

Ikkje så ille plent. Eg braut lårhalsen for eit par år sidan, men det gjekk godt. Gikt har eg aldri kjent til. — Olav røykte pipe før, men nå tygg han berre tobakk. Han tykkjer det var mykje meir folk på gardane før, nå dreg ungdomen ut og dei gamle blir sitande «eismadde» att.

GAMLE KJEMPOR SLIPE BAJONETTAR

— Treffe du nokre av dei gamle kjempone?

— Olav Torsson på Hovet veit du me beundra. Han var føel, men vaeleg sterk. Ei gong var der nokre valldolar som kom nedetter og egla seg ut med han. Han og ein valldøl tokst. Ola spjæra heile frakka hans. — Valldølen blei eistrande galen, og tok ein stein og datta

til Olav Torsson midt i andletet så han datt. — Då sa eg til valldølen at nå måtte han stappe seg. For han ville til å sparke Olav mens han låg i velten.

Torsson kom på føtene att og då blei han heilt vill. Han skulle plent ta denne valldølen. Men valldølen rømde heilt opp til Brokke og gøynde seg hjå ei jente han hadde der. Olav Torsson malde om at han hadde blitt slegen med stein. Det blei sak, og eg laut av og vitne.

— Du har ikkje sett bjørn nokon gong Olav?

— Ikkje plent ville bjørnar, men her var eingong — det er lenge sidan nå — ein mann som reiste rundt med ein halvbill bjørn i kjetting. Han syntte han fram nede på Rysstad og tre karar våga seg til å prøvast med bjørnen, men han kasta dei som fillor. Eg og ein annan kar kleiv opp på bjørnen og ville ri på han, men han rista oss fort av. Eg heldt meg i ragget det eg vann, men eg datt. Bjørnen blei vond og elta meg. Han grov atti meg med labbare men eg klarte å kome unna. Det var visst mange som hadde moro av å sjå på dette. — Ja du veit ein fann på mykje vitt når ein var ung. — Men elles har eg berre sett daue bjørnar. Hallvor Kvævø kom forbi Uppstad eingong med ei binne og to ungar han skote.

— Var du i eksersisen?

— Eg var ute ein tur i 1905 på Gimlemoen. Men det var noko ulkelekt stell. Me laut slipe bajonettane alt i eitt. Eg var då mykje saman med smeden og spelemanen Thomas Liestøl jrø Ose. Då eg kom heimatt om våren, drog eg rett til heis og slo. Ja, eg var ute ein gong seinare, det var under krigstrugsla i 1914. Men det var siste gongen.

— Korleis var skulegonga di?

— Det var vanleg omgangsskule på den tid. Me var vel rundt på 4-5 plassar. Og som lærarar hadde eg Kjetil Rike og Anund Norneland. Dei var flinke og kunne mykje.

Olav Såvison Uppstad har også vore nede og sett på Brokkeanlegget. — Ja, det es kallegt kå da før til. Nå vorte fjøddi plent makketni. Ha me høyr om sassaori førre ha mi berre trudd det va skrono da for med. Men ein lyt no plent tru det an ser, seier Olav og smiler hurt.

Tekst og fotos:

Tormod Uleberg

at Olav gjekk att. Han laut prate ei god stund for dei retteleg skjønne koss det underlege og uhyggelege hende hadde bore til.

— Du fekk ikkje avsmak for floting, etter dette?

— Å eg var vel for ung og karsleg til å tenke så mykje på det. Eg dreiv med tømmerfloting i mange år etter det. Mange tider var det på nere nippet, men det var eit spanande arbeid. Me rodde i vanlege eiker, og ofte blei dei fylte av vatn.

Olav Såvison har vore på heia meir enn vanlege folk. Ja, han er vel den einaste nålevende seiesdot som er fødd på heia. Han blei født på Forstøyl — ei halv mil inne på

Mange vil inn på N.T.H.

TRONDHEIM (NTB).

Ved fristens utløp 10. juli var det til Norges tekniske høgskole kommet 1285 søknader om opptak, mot 1172 i 1962. Det vil i år bli tatt opp ca. 500 nye studenter ved NTH, mot nesten 480 i fjor.

De er trygg i 
Norrona
SØRLANDETS FORSIKRINGSSLSKAP

Vis trafikkhensyn!